

# Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

## SØKNADSSKJEMA 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Søknad merkast med: "Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/13889"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltaket: Gang- og sykkelveg Hatlandsskiftet

### Søkjjar (kommune)

Namn: Osterøy kommune

Adresse: Rådhusplassen

Postnr./stad: 5282 Lonevåg

Org.nr.: 864338712

Kontonr.: 3626.07.00043

Prosjektnr.: 001

Ressursnr.: 17/806

### Administrativ kontaktperson hjå søkjjar

Namn: Roald Hovden

Telefon: 56192113

E-post: roald.hovden@osteroy.kommune.no

Mobil: 95213155

Type trafikant	Totalkostnad	Søknadsbeløp	Fylkesvegnr.	Status	Type tiltak	Framdrift
Kven er tiltaket retta inn mot? - Mjuka trafikantar - Møteulukker - Utforkøyringsulukker - Anna (spesifiser) -	Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva).	Tilskotsummen vil maks kunne vere på 4 million kroner. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.)	Tiltak kan berre gjerast på fylkesveg, men kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Kva er vegnummeret?	Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra?  - Ordførar - Kommunestyre - Trafikksikringsplan	Kva type tiltak er det?  - Langs skuleveg - Punktutbetring	Tiltaket bør ferdigstillast i 2017. Når kan tiltaket starta opp? (dd.mm.åååå)  Når skal tiltaket vere ferdig? (dd.mm.åååå)
Mjuka trafikantar Møteulukker	Kr 4 000 000.-	Kr 4 000 000.-	FV 368	Pri. 1 på trafikksikringsplan	Trafikksikringstiltak langs skuleveg	Start -Haust 2017 Ferdig -Vår 2018

## Omtale av tiltaket

Type tiltak, teknisk spesifikasjon, namn og spesifisering av stad.

Vedlegg 1: Situasjonsskart 1:1000. Situasjonsskart er i to delar (pel 0 – pel 200 og pel 200 – pel 500).

Vedlegg 2: Oversiktskart 1:1000.

Vedlegg 3: Kostnadsoverslag

Trafikksikringsplan: <http://www.osteroy.kommune.no/temaplanar.363827.no.html> (øverst på listen)

Tiltaket gjeld bygging av gong- og sykkelveg langs fylkesveg, i tillegg til justering av vegens kurvetur for å betre oversyn, med tilhøyrande busslommer og gangfelt.

Planskissa er laga i tråd med gjeldande reguleringsplan innanfor vegformål, med Statens Vegvesen (SV) og Osterøy kommune som grunneigar.

Utbetring av denne vegen har Prioritet 1 i kommunens trafikksikringsplan for større investeringstiltak (s.39).

Tiltaket er delt i to parseller frå pel 0 – pel 200 **[P1]**, og frå pel 200 – pel 500 **[P2]**. Kostnad for begge parseller er berekna til ca. kr 6 000 000.- eks. mva.

Søknaden gjeld **[P2]** då denne er den mest utsette strekning m.h.p mjuke trafikantar og møteulukker.

Denne parsellen vil også bera dei største kostnadane (ca. 2/3) m.h.p sprenging, flytting av massar, drenering og sikringstiltak.

Tiltaket ligg på FV 368 (ÅDT = 1900 ved gangfelt) i Lonevåg/Hatland i Osterøy kommune. I dag er det videregående skule (200 elevar), ungdomsskule (260 elevar), barneskule (223 elevar) og barnehage (114 born) konsentrert i tiltaket sitt område. Totalt 797 born og elevar.

**[P2]** Dagens gong- og sykkelveg til/frå dette området er mangelfull/dårleg og opplevast som farleg. Born og ungdom som går eller sykler til/frå bustadsfeltet nordover må nytta ein smal og bratt gongveg som lei ut i/gjennom to parkeringsplassar og tilkomstvegen til barnehage. Her er det ca. 20 tilsette som nyttar parkeringsplassane, i tillegg til foreldre med dårleg tid som leverer borne sine. Dette skjer ofte når barn og unger er på veg til og frå skule. Dette skapar spesielt stor fare om vinterhalvåret.

Dei som ikkje nyttar gongvegen går langs fylkesvegen nordover, med kurvatur og bredde som skapar farlege situasjonar for både dei gående og møtande bilar.

Den eksisterande gongvegen er også nytte av musikkskulen (underetasje i barnehage) i tillegg til omsorgsbustad og to andre hus som delar tilkomstvegen til barnehagen.

Dialog med SV er allereie i gang for denne parsellen. I tidligare brev frå SV, etter befaring av bustadsfelt langs FV 368 ved barnehagen, er separering av gong- og sykkelveg og parkeringsareal eit foreslått tiltak.

**[P1]** Langs vegen til bustadsfeltet, idrettsplass og senterområde mot vest må born og elevar gå mellom fylkesvegen og bilar som står parkert langs vegen for å koma til den eksisterande gong- og sykkelveg. Fram til utbetring av denne parsellen, har dei gående og syklande tilgjenge til å nytta sideareal ved idrettsanlegget, men mange vert kanalisert langs, eller vel å nytta fylkesvegen. Høvet til å nytta sideareal langs **[P1]** gjer at me vel å prioritera **[P2]** i denne søknaden.

### Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: (sommar/haust 2017)

Pårekna avslutta: (vår 2018)

Kan gjennomførast omgåande

Må lagast anbod

### Evt. ferdigstilling i 2018

Tiltaket bør ferdigstillast i 2017, men dersom dette ikkje let seg gjere må dette grunngjevast her.

Tiltaket må detaljprosjekteres (rammeavtale for konsulenttenester er på plass) og leggest ut på anbod. Ferdigstilling vil være m.a. avhengig av vintersesongen, men kan truleg vere ferdig våren 2018.

Vår: detaljprosjektering

Sommar: anbodsprosess

Haust: forventa oppstart

### Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

Totalkostnad for tiltaket: kr 4 000 000.-

Søknadsbeløp for tiltaket: kr 4 000 000.-

### Evt. eigenandel

Dersom kommunen ønskjer å gå inn med ein eigenandel, må dette opplysast om her. Oppgje også prosent av totalkostanden.

Osterøy kommune bistår med prosjektleiing og administrasjon i byggefasen.

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 09.02.2017.


31.03.2017


Dato/stad


Nathan Lamp

Underskrift ansvarleg søkjar






 Situasjonskart gnr. 4 bnr. 89,96  
 Grensene i kartet kan innehalda  
 Ekvivalens 1 meter  
 16.02.2016  
 Målestokk 1:1000  
 Osterøy kommune



- parkering  
 - eks. gongveg

50 m



# TRAFIKKSIKRINGSTILTAK

## NYTT FORTAU LANGS FYLKESVEG 368, FOTLANDSVEGEN PÅ HATLAND

### KOSTNADSOVERSLAG

		masse	pris	sum
Avgraving jord, masseutskifting	m3	600	50	30 000,00
Riving, fjerning og saging asfalt	lm	10000	60	600 000,00
Fjerning asfalt	m2	700	150	105 000,00
Fjellsprengeing	m3	500	200	100 000,00
Fylling, transport og utlegging	m3	4700	150	705 000,00
Bærelag veg	m2	1100	100	110 000,00
Bindelag veg	m2	1100	100	110 000,00
Slitelag veg, full vegbredde	m2	4000	150	600 000,00
Fortau - kantstein, oppbygging og dekke	lm	600	1200	720 000,00
Drenering (lukket)	lm	600	2500	1 500 000,00
Forstøttningsmur	m2	50	3000	150 000,00
Rekkverk (guard rail)	lm	50	600	30 000,00
Utlegging av jord, tilsåing	m2	1100	50	55 000,00
Veglys	stk	10	20000	200 000,00
Skilting	RS	1	50000	50 000,00
Venteskur	RS	1	50000	50 000,00
Div. uforutsette kostnader	RS	1	400000	400 000,00
<b>Sum anleggskostnader</b>				<b>5 515 000,00</b>
Prosjektering, byggeledelse	%	10	5515000	551 500,00
<b>Sum eks. mva</b>				<b>6 066 500,00</b>
Mva	%	25	6 066 500,00	1 516 625,00
<b>Sum inkl. mva</b>				<b>7 583 125,00</b>

Osterøy kommune  
RÅDHUSET  
5282 LONEVÅG

42

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## **Søknad om tilskotsmidlar til punktutbetring og trygge skuleveggar**

Vedlagt fylgjer brev frå Osterøy kommune

Osterøy kommune har tatt i bruk digital post. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerne». Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv.

I staden for å få brev på papir kan du få det levert til digital postkasse, Digipost eller e-Boks. Om du ikkje har digital postkasse vil du få brev i Altinn. Les meir på <http://www.osteroy.kommune.no/> eller på [www.norge.no](http://www.norge.no).

Bedrifter og organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via ei rolle som er definert på førehand. Varsel blir sendt til registrert e-postadresse. Informasjon om roller som er definert på førehand og tilgangsstyring ligg under «Min profil» i Altinn.

Med helsing  
Osterøy kommune»